

# Referat

## STYREMØTE NR. 6 i ØIL – 18.08.2011

<b>Møte</b>		<b>Referat</b>	
<b>Dato</b>	18.08.2011 kl. 1800	<b>Deltakarar</b>	Hilde Hysing-Dahl / leiar Per Dysterud / nestleiar Trude Torvund / kasserar Rune Vik/ skrivar Øystein Roe Sundøy / styrelem Sonja Fagerheim/ styrelem Jan Tore Alvsaker/ styrelem Åshild Bekkesletten/ styrelem Roger Vassnes / fotball Lillian Kvamsøy/ HC-gruppa Leiv Sandven/ trimgruppa
<b>Stad</b>	Holmatun	<b>Forfall</b>	
<b>Referent</b>	Rune Vik	<b>Kopi</b>	Olav Kreken/ orientering
<b>Neste møte</b>	<b>Ons. 24.08.11 kl.1900</b>		

Nr	Sak	Frist	Ansvar oppfølging
6.1	<b>Saker</b>		
.1	Ingen merknad til førre møtereferat.	info	
.2	<u>Idrettsskule</u>  Hardanger talentutvikling AS er under stifting og skal stå ansvarleg for idrettsSFO-satsinga. 50 % eigd av ØIL 50 % eigd av ØIL - fotball  Styresamansetning: - Roger Vassnes (frå ØIL-fotball) - Leiv Sandven (frå ØIL) - Eilev Nyland (frå volleyballen) - Geir Torgersen (frå håndballen) - Ingmar Sægrov (frå idrettsskulen)  Rekneskapsførar / revisor: - Hardanger rekneskap  Finansiering (element): - Har fått kr 11 000 frå idrettskretsen - NAV dekkar ein stilling i eitt år - KIWI støttar med mat og drikke - Har søkt idrettskretsen om ytterlegare kr 200 000  Personressursar: - Pedagogisk leiar Ingmar Sægrov - Morten Madsen (assistent) - Eilev Nyland (deltid) - Leiv Sandven og Roger Vassnes (back up) - Elevar med idrettsleing frå Øysete gymnas	info	Roger

	<p>Rekneskapsfører og revisor:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Hardanger rekneskap</li> <li>- Ikkje revisorpliktig sidan omsetning &lt; 5 mill</li> </ul> <p>Pedagogisk leiar <u>Ingmar Sægrov</u> presenterte litt om aktivitet. Hovudfokuset er leik og motorikkutvikling. Pr. i dag ca. 20 born.</p> <p>Kopi av stiftingsdokument m.v. må sendast Hilde/styreleiar.</p>		Roger
.2	<p><u>Øystese-trimmen og open hall – aktivitetsstruktur</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <b>Tidspunkt: Søndag 18.09.2011</b></li> </ul> <p>a) Øystese trimmen</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kort og lang løype</li> <li>- Trimklasse startar kl. 1100 og utover</li> <li>- Konkurransklasse startar kl. 1200</li> </ul> <p>b) Friidrettsdel inne evt. ute</p> <p>c) Open hall</p> <p>d) Kafédrift</p> <p>e) Marknadsføring og premiar</p> <p>f) Søkje Kvam idrettsråd om støtte</p> <p>NB! Finplanlegging må skje neste styremøte 24/8-11.</p>		styret
.3	<p><u>Symjehall og stupefasilitetar knytt til Hardanger bade og velværesenter</u></p> <p>Dagleg leiar Rune Frisvold frå Hardanger bade og velværesenter orienterte om finansieringsmodellen for utbygging av senteret.</p> <p>ØIL vil kunne spele ei viktig rolle i samband med realisering av basseng- og stupedelen gjennom å engasjere seg i saka. Kan skje gjennom å etablere eit aksjeselskap (AS) heileigd av ØIL, som igjen kan søkje om tippemidlar for basseng- og stupedelen. ØIL har allereie gitt tilsagn om kr 100 000 til bade- og velværesenteret, om senteret vert realisert innanfor ein gitt tidhorisont. No kan desse pengane evt. gå inn som aksjekapital i staden.</p> <p>Rune Frisvold skal i løpet av helga sende Hilde ei samanfatning over kva rolle, ansvar og mogelegheiter ein slik klubb er tenkt å ha innan konseptet Hardanger bade og velværesenter. Hilde vidaresender til styret og gruppeleiarar.</p> <p>NB! Vidare styrehandsaming vil skje neste møte.</p>		styret
6.2	<b>Fotballgruppa</b>		
6.3	<b>Friidrett/trimgruppa</b>		

<b>6.4</b>	<b>HC-gruppa</b>		
<b>6.5</b>	<b>Symjegruppa</b>		
<b>6.6</b>	<b>Hoppgruppa</b>		
<b>6.8</b>	<b>Økonomi</b>		
.1	Likviditet - Status uendra.	info	
<b>6.9</b>	<b>Eventuelt</b>		
.1	Spørsmål om ØIL-logo og gammal ØIL-pins  Leiv driv å nøstar i saka om opphav, årstal, m.v. Hilde gjev tilbakemelding til vedkomande at det vert jobba med å avklare spørsmålet.  <u>Saker under oppfølging</u>  - Status baneutviding	info	Leiv/Hilde         Roger

Rune Vik/ skrivar